

**Fire frå same famlien!**

29.03.2011

**At det stillar 3 blad Prestnes på same lista er slett ikkje så eineståande som ein kan tru, seier lesarar til oss etter Sp-nominasjonen på Ljosnes. .**

**Også ei anna av listene til valet i haust har et sterkt familiært preg og det er lista til Raudt Kvinnherad. Der er 4 av 15 kandidatar frå same familien.**

Ein treng altså ikkje eingog å gå utanom Kvinnherad for å finna ei liste som utkonkurrerar den frå Senterpartiet.

Dei 4 frå same familien på Raudt er Gaute Lund (kandidat nummer 3 på lista), Jon Lund (kandidat nummer 4), Sindre Ullmann (kandidat nummer 8) og Beate Ullmann (kandidat nummer 15 og sist)

Dei familiære banda er slike: Jon er far, Beate mor og Gaute og Sindre søner.

Raudt er ikkje representert i kommunestyret i denne perioden men håpar å bli det i den neste. Willy Kalsås toppar lista og Magni Traavik er den einaste kandidaten frå Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen